

**Fra:** Katrin Blomvik (katrin@verdsarvfjord.no)

**Sendt:** 11.01.2018 15:42:03

**Til:** Erling; arne.sandnes@norddal.kommune.no; fmholsp@fylkesmannen.no; fmmrloso@fylkesmannen.no; fmsfakh@fylkesmannen.no; fmsfpost@fylkesmannen.no; Fylkesmannen i Hordaland; Fylkesmannen i Møre og Romsdal; Hans.Erik.Ringkjob@voss.kommune.no; Hordaland Fylkeskommune - Postmottak; jantry@stranda.kommune.no; jon.aasen@mrfylke.no; Noralv Distad; olav.turvoll@vik.kommune.no; post@aurland.kommune.no; post@laerdal.kommune.no; post@norddal.kommune.no; post@stranda.kommune.no; Postmottak Vik Kommune; postmottak.sentraladm@sfj.no; Voss kommune; willy.loftheim@mrfylke.no; post@mrfylke.no; postmottak.kultur@sfj.no; Anne-Beth Njærheim; Merete \_; aleksander.oren.heen@sfj.no

**Kopi:** Arlen Synnøve Bidne; David J Aasen Sandved; Dybwad, Tom; Gaute Sørstebø; 'Geir Moen'; GUNNAR BERGO; Inge Bjørdal; Kjell Hansen; Kristoffer Ullern Hansen; Kvingedal, Kjell; Magnhild Aspevik; Nornes, Anbjørg; Odd Rune Turvoll; olav.nord-varhaug@miljodir.no; trond.taugbol@ra.no; siri.kloster@kld.dep.no; tor.helge.stavdal@norddal.kommune.no; ingunn.skjerdal@aurland.kommune.no; Leif Inge Underdal; fmmrfrma@fylkesmannen.no; fmmrinny@fylkesmannen.no; hovlandmia@gmail.com; Hanne Lykkja; Åshild Johanne Høivik Kjelsnes; Jan Geir Solheim

**Emne:** Invitasjon til Verdsarvrådet - Grøn fjord Konferansen 2018 - OPNAR for påmelding i dag!

**Vedlegg:** GrønFjordKonferansen\_program\_web\_korrektur.pdf;Invitasjon PRESSE - MEDIA Grøn fjord Konferansen.pdf

Kjære medlemmar av Verdsarvrådet med bositjarar!

Godt nyttår til dere alle!

Som de veit har vi ei stund no jobba med planlegginga av Grøn fjord Konferansen 2018 som skjer 8. – 9. februar i Geiranger. I dag opnar vi for sal av konferansebillettar og påmelding til konferansen. Vedlagt følgjer også presseinvitasjonen som vil bli sendt i dag. Konferansen er open for alle, men Grøn fjord partnarar har eigen pris og får eit forsprang til å melde seg på. Er du ikkje partner, men vil bli det så kontaktar dere oss.

Hovudattraksjonen er nok starten av konferansen med den spektakulære båtturen med Vision of the Fjords, som er ein prisvinnande hybridbåt som til dagleg går i Nærøyfjordområdet. Dette er ein konferanse for heile Vestnorsk fjordlandskap, så våre venner i Nærøyfjorden vil vere til stades. Over 50 stk frå Visit Flåm AS, samt andre næringsdrivande og politikarar frå nord og sør har meldt alt dei kjem – så dette er ei heilt unik mogelegheit til å knyte kontakter mellom forvaltningsnivå, politisk nivå som mellom næringsliv og forvaltning. Det kjem og ein bra stor delegasjon frå Klima- og miljødepartementet.

Det er svært dagsaktuelle tema for Vestnorsk fjordlandskap på agendaen denne gongen som eksempelvis:

- Oppdatering frå Sjøfartsdirektoratet sitt oppdrag knytt til utslepp frå cruiseskip/skipsfarten i verdsarvfjordane,
- Presentasjon/lansering ny rapport frå DNV-GL på oppdrag frå Stranda kommune vedr. kommersielle ferjer/båtar i verdsarvområdet
- Bergen Hamn kjem for å presentere sine grøne tiltak som cruisehamn
- Reiarlaget Fjords sine framstidsplanar og vyer på verdsarvfjordane
- Viking Cruises kjem for å fortelje om verdas første cruiseskip på hydrogen
- Blåøyken, «fullt» stempelet og media si rolle knytt til kommunikasjon
- Fjord Norge kjem for å gje signal frå marknaden
- Luftkvalitetsmålingar frå Geiranger vert presentert og Folkehelseinstituttet kjem
- Miljøsonepolitikk – eit nytt verkty for framtida? Treng vi dette eller kan vi løyse utfordringane på anna vis?
- Parallelle sesjonar (kjem meir info om desse), men her kjem: Eigen bolk på SUSTRANS prosjektet, landbruk/kulturlandskap, Masterplan arbeidet, presentasjon ny båt frå Geiranger Fjordservice, Grøn vekst Rauma, eige hydrogenseminar, sykkelsatsing m.m.
- Som avslutting: Inspirasjonsforedrag frå Werfenweng og «kommunikasjon som rocker og gir klingande mynt i kassa»

Vi håper så mange som mogeleg av rådet sine medlemmar blir med og bidrar aktivt i debattane!

Vedlagt finner dere hovudprogrammet (kjem attende med meir info om dei parallelle sesjonane), dette

programmet vil og bli lagt ut på våre websider i ettermiddag/morgen tidleg.

Kjøp av konferansepakkar/påmelding skjer her:

<https://tikkio.com/tickets/4444-gron-fjord-konferansen>

Overnattingsprisane inkluderer:

Båttur Ålesund - Geiranger t/r, lunsj x 2, festmiddag, overnatting Hotel Union, konferanseavgift, samt ev. fellestransport

OBS! Dagpakkane inkluderer også båttur. Dagpakkane er prisa utan festmiddag som eige valalternativ.

Andre linkar:

Link til Grøn fjord Konferansen 2018 sitt program: <http://www.fjordsenter.com/>

Link til ein filmsnutt om Vision of the fjords: <https://www.youtube.com/watch?v=0QLHpg4XRy0>

**Sidan vi allereie har fått ein relativt stor reservasjon frå Nærøyfjordområdet, så betyr dette at dei som vil sikre seg plass, bør gjere det først som sist!**

Vi gler oss veldig til denne konferansen og vi håper å treffe mange av Verdsarvrådet sine medlemmar i februar!

Dere må gjerne legge ut info på dykker websider og vidaresende denne mailen til relevant nettverk.

Med vennleg helsing

Katrin Blomvik

Direktør Stiftinga Geirangerfjorden Verdsarv / Sekretariat Vestnorsk fjordlandskap - Geirangerfjordområdet

M: + 47 95 42 73 90 / T: + 47 70 26 38 10

E-mail: [katrin@verdsarvfjord.no](mailto:katrin@verdsarvfjord.no) / Web: [www.verdensarv.com](http://www.verdensarv.com) / [www.verdsarvfjord.no](http://www.verdsarvfjord.no)

**P** Tenk på miljøet før du skriv ut e-posten!